



Verdiane som ligg til grunn for avgjerder i skogforvaltinga

Elisabeth Veivåg Helseth
9. februar 2024

Webinar om miljøverdier i skogforvaltningen,
FNF Oslo og Akershus og FNF Troms



1. Introduksjon

2. Teori og metode

3. Ubalanse i verdier


4. Ulike berekraftsbanar

5. Oppsummering

Gjennomgripande berekraftsendringar



- Natur forringa over heile verda
- Me treng **gjennomgripande endringar**



- Natur tapar systematisk mot kortsiktige marknadsvordiar og mål om økonomisk vekst
- Behov for nye måtar å forstå verdien av natur
- Vi må fremme berekraftsorienterte kjerneverdiar







Fig. 1: kart over Norge som viser område med skog og vatn (Geonorge, 2020)



“Meir-av-alt”?

Beland Lindahl et.al. 2017

Aftenposten

Norge | Bioøkonomi

Skal redde verden, sikre truede arter, glede folket og erstatte oljen - stakkars skog!

Forventningene er skyhøye, men norsk skog kan innfri, mener skogeierne.



The future of forests is a controversial issue (...).

Different stakeholder groups differ in the importance they give to roles they envision forests should have (...).
(Sandström et.al. 2020)



Mål med PhD-prosjektet:

Undersøkje korleis ulike tilnærmingar til verdsetting og forvaltning av skogøkosystem kan bidra til gjennomgripande endringar i retning av berekraftig samfunnsutvikling.

Forskingsspørsmål

1. Kva er trendane, tilstand og endringsdrivarar for skogøkosystemtenester i Norge frå 1950 til 2020?
2. Korleis påverkar økonomiske instrument i norsk skogforvalting skogen sin kapasitet for å levere ulike økosystemtenester?
3. Kva rolle spelar sosiale preferansar, institusjonar og maktdynamikkar i å fremme eller hemme ulike verdier frå skog i Norge?
4. Korleis vert verdier assosiert med ulike berekraftbanar reflektert i norsk distriktspolitikk og i folk sine berekraftsoppfattingar?

Artiklar

- **Artikkel 1:** Helseth, E. V., Vedeld, P., Framstad, E., & Gómez-Baggethun, E. (2022). Forest ecosystem services in Norway: Trends, condition, and drivers of change (1950–2020). *Ecosystem Services*, 58, 101491. *Ecosystem Services*, doi: <https://doi.org/10.1016/j.ecoser.2022.101491>
- **Artikkel 2:** Helseth, E. V., Vedeld, P., & Gómez-Baggethun, E. (2023). Unveiling imbalanced investments in forest ecosystem services. Manuscript.
- **Artikkel 3:** Helseth, E. V., Vedeld, P., Vatn, A., & Gómez-Baggethun, E. (2023). Value asymmetries in Norwegian forest governance: The role of institutions and power dynamics. *Ecological Economics*, 214, 107973. <https://doi.org/10.1016/j.ecolecon.2023.107973>
- **Artikkel 4:** Helseth, E. V., Nordtug, H., Skavhaug, IM., & Gómez-Baggethun, E. (2023). Beyond green growth: Mapping sustainability pathways for rural transformations in Norway. In review in the *Journal of rural studies* since 24 August 2023.



1. Introduksjon

2. Teori og metode


3. Ubalanse i verdier

4. Ulike berekraftsbanar

5. Oppsummering

Økologisk økonomi


- Økonomien er innebygd i økologien
- **Inkommensurabilitet:** alle verdier kan ikke reduserast til den same måleininga eller «valutaen» (Martinez-Alier 1997)
- **Verdimangfald:** det eksisterer mangfaldige verdier som i prinsippet kan vere like «riktige» og grunnleggande, og likevel i konflikt med kvarandre (Gómez-Baggethun et al., 2016:100; IPBES, 2022).



Modellen "Embedded Economy", Kate Raworth og Marcia Mihotich. CC-BY-SA 4.0, i Raworth (2017). Denne modellen har røtter i forskinga til økologiske økonomar som Kenneth Boulding, Nicholas Georgescu-Roegen, og Herman Daly (1966; 2011; 1971)

Kjerneverdier og spesifikke verdier

- **Kjerneverdier**, f.eks. overordna moralske prinsipp eller livsmål, som ligg til grunn for spesifikke naturverdier



Relasjonelle verdier

- Viktigheita av samspel mellom menneske og natur, og interaksjon mellom menneske gjennom naturen (f.eks. stadkjensle, spiritualitet)

Instrumentelle verdier

- Naturen som eit middel for å oppnå spesifikke mål, som ein ressurs/eigedom, tilfredsstilling av behov og preferansar, gagnar menneske.

Ibuande verdier

- Naturverdier uttrykt uavhengig av menneske som verdsettbar. Inkluderer einingar som eit habitat eller artar som er verdt å beskytta som mål i seg sjølv.

Motsettingane, konfliktane og mangfaldet av verdier krev institusjonar som let verdiane koma til uttrykk


(Vatn, 2005, in Spash et.al. 2015:250, mi omsetjing)

Institusjonell økonomi


- Verdier blir i stor grad forma av sosiale og kollektive prosessar
- Institusjonar (konvensjonar, normer, og reglar) er også maktstrukturar, som påverkar kva verdier som får komme til uttrykk

(Vatn 2016; 2021)


Litteraturgjennomgang




Ekspertverkstad (N=19)




Djupneintervju med skogekspertar og interessentar (N=15)



Vurdering av økosystemtenester



Digital spørjeundersøking i 12 norske distriktskommunar (N=3591)






Fig 1: Geografisk oversikt over utval av kommunar

Kommunar sortert etter Distriktsindeksen (KDD, 2022), som illustrerer dei kommunane som er sett som mest rurale (frå mørk raud = svært rural, til mørk blå = urban/by).

Størrelse på utval indikert som *større* (stor sirkel, $N \geq 220$), eller *mindre* (liten sirkel, $N \leq 220$).

Ulike delar av resultatata frå spørjeundersøkinga nytta for artikkel 3 og artikkel 4.



1. Introduksjon

2. Teori og metode

3. Ubalanse i verdier

4. Ulike berekraftsbanar

5. Oppsummering









RQ1: Kva er trendar, tilstand og endringsdrivarar for skogøkosystemtenester i Norge frå 1950 til 2020?

Djuptgåande endringar i den norske økonomien har forma trendar i skogøkosystemtenester

Industrielt skogbruk, storskala tiltak for å auka biomasse, samt infrastrukturutvikling har vore dei viktigaste direkte drivarane bak skogendringar

Skogforvaltinga har i stor grad favorisert forsynande økosystemtenester på bekostning av støttande og nokre kulturelle og regulerande tenester. Norske skogar har i dag god kapasitet med tanke på forsynande tenester, mens den økologiske tilstanden er relativt dårleg

RQ2: Korleis påverkar økonomiske instrument i norsk skogforvaltning skogen sin kapasitet for å levere ulike økosystemtenester?


Forest ecosystem services	Capacity	Condition	Markets	Subsidies /tax/PES
 Raw material	↑	Green	●	●
 Food production	↑	Green	●	?
 Outdoor recreation	↔	Green	●	?
 Sense of place	↔	Yellow	-	?
 Carbon sequestration and storage	↑	Green	-	●
 Nutrient cycling	?	Yellow	-	-
 Moderation of extreme events	↓	Yellow	-	-
 Habitat provision	↓	Red	-	●

RQ3: Kva rolle spelar sosiale preferansar, institusjonar og maktdynamikkar i å fremme eller hemme ulike verdier frå skog i Norge?

- Skog **betyr mykje** for fleirtalet av innbyggjarane i distriktskommunar (70,8%), med få (11,2%) føler at dei får **delta aktivt** i skogforvaltinga i sin kommune
- Innbyggjarane veker økosystemtenester assosiert med **relasjonelle** og **ibuande** verdier **høgare enn** tenester som hovudsakleg er assosiert med **instrumentelle** verdier.
- **Kvinner og dei som ikkje eig skog** er meir opptekne av **relasjonelle** verdier enn menn og skogeigarar
- Kjønn, eigarskap til skog, og størrelse på skogbrukseigedom er viktige **maktmarkørar** i norsk skogforvalting


Spørjeundersøking (2021-22) blant innbyggjarane i **Askvoll, Vang, Bykle, Solund og Hyllestad** (1105 respondentar)

På kva måte betyr skogen i kommunen mest for deg og ditt lokalsamfunn



Spørjeundersøking (2022) blant innbyggjarane i **Grue, Sør-Aurdal, Engerdal og Rendalen** (743 respondentar)

På kva måte betyr skogen i kommunen mest for deg og ditt lokalsamfunn



- Dei viktigaste arenaene for å fange opp og prioritere skogverdiar er i dag **kost-nytte analysar, skogbruksplanar, konsekvensutgreiingar, og medverknadsprosessar** som del av kommuneplanar.
- Desse er ofte dominert av vurderingar frå «ekspertar», og økonomisk eller naturvitskapleg kunnskap – og mobiliserer hovudsakeleg instrumentelle verdiar.
- Medverknadsarenaer gir rom for å uttrykke eit større mangfald av verdiar, men slike prosessar blir i liten grad brukt i skogspørsmål.
- Det manglar arenaer og vurderingsmetodar som er eigna til å ta omsyn til relasjonelle verdiar, som m.a. skogen sin betydning for stadkjensle.





1. Introduksjon

2. Teori og metode

3. Ubalanse i verdier

4. Ulike berekraftsbanar

5. Oppsummering

Mål om bærekraft: grønn vekst eller vekstfri utvikling?



Kva retning skal me ta?





Grøn vekst / grøn økonomi

- Berekraft føresett vekst. Problemet er mangel på «grøne» investeringar
- Teknologiske løysingar, grøn finans, grøn industri og auka digitalisering
- Nytte, effektivitet og instrumentelle verdier
- Søkelys på å finne «riktig pris» på natur og naturen sine tenester
- Nytteorientert miljøengasjement

Vekstfri utvikling

- Problemet er vekst som driver økt forbruk
- Forlate økonomisk vekst som mål på samfunnsmessig framgong
- Negative effektar av vekst påført dei med lite makt, som natur og framtidige generasjonar
- Søkelys på mangfald av verdier
- Omsorgs- og ansvarsorientert miljøengasjement

Konkurrerende berekraftsbanar

Grøn vekst / grøn økonomi	Vekstfri utvikling	Økokulturelt forvaltarskap	Naturvern
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Problemet er mangel på “grøne” investeringar ✓ Ein kan fråkopla vekst og miljøødeleggingar m.a. gjennom teknologisk utvikling ✓ Satsing på grøn industri og digitalisering i distriktsområde ✓ Søkelys på <i>nytte</i> og <i>effektivitet</i> 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Problemet er veksten som driv auka forbruk og miljøødeleggingar ✓ Ignorere eller forlate BNP som eit mål på samfunnsmessig framgang ✓ Tilstrekkelegheit, småskala produksjon og forbruk ✓ Søkelys på omsorg, samspel og mangfaldige verdiar 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Strukturelle ubalansar i maktforhold er hovudproblem ✓ Søkelys på lokale rettigheter og tradisjonskunnskap om natur og økosystem ✓ Reform av jordbruk og matproduksjon ✓ Relasjonelle verdiar 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Menneskeleg forstyrning av natur er den viktigaste berekraftstrusselen ✓ Ynskje om store, samanhengande verneområde ✓ Tenestebasert økonomi med mindre ødeleggande bruk av natur ✓ Økosentrisme og ibuande verdiar
			

Figur utvikla frå Helseth E. V., 2023, Helseth E. V., et al., in review (artikkel 4)

RQ4: Korleis vert verdiar assosiert med ulike berekraftbanar reflektert i norsk distriktpolitikk og i folk sine berekraftsoppfattningar?

- **Grøn vekst**, inkludert vektlegging av **effektivitet, nytte, og instrumentelle** verdiar, dominerer distriktpolitikken.
- Rundt **ein fjerdedel** av respondentane (26.1%) gav uttrykk for berekraftsoppfattningar i tråd med berekraftsbanane **naturvern, vekstfri utvikling eller økokulturellt forvaltarskap**.
- Grøn vekst tilhengarar vektlegg instrumentelle verdiar og næringsvegar basert på **turisme og industri**, mens tilhengarar av vekstfri utvikling vektlegg ibuande og relasjonelle verdiar gjennom **småskala landbruk og resursbruk**.
- Resultata indikerer at innbyggjarane har meir **mangfaldige verdiar** og tankar om **framtidige næringsvegar** enn det som vert reflektert i den noverande grøn vekst berekraftsbanen



1. Introduksjon

2. Teori og metode

3. Ubalanse i verdier


4. Ulike berekraftsbanar

5. Oppsummering


Kort oppsummert

- Norsk skogforvaltning har hovudsakeleg **favorisert forsynande økosystemtenester** (som tømmer) på bekostning av støttande, kulturelle, og regulerande tenester
- Favoriseringa av tømmer vert **opprettheldt av offentlege subsidier**, kombinert med at marknadsorienterte verdier dominerer skogforvaltninga.
- Sjølv om innbyggjarar gir uttrykk for eit **mangfald** av relasjonelle og ibuande verdier knytt til skog, legg skogforvaltingsinstitusjonar uforholdsmessig vekt **instrumentelle og pengemessige verdier**.
- Norsk skogforvaltning og distriktspolitikk er dominert av ein **grøn vekst berekraftsbane**, som fremmar nytte, effektivitet og instrumentelle verdier.


Grøn vekst




Vekstfri utvikling




Naturvern



Økokulturelt forvalterskap





Mogleggjere mangfoldig verdsetting og forvaltning av skogøkosystem for berekraftig samfunnsutvikling

Dominerende grøn vekst berekraftsbane, med sterk vekt på nytte, effektivitet og instrumentelle verdier

Artikkel 1

Demonstrerer at vi må ha søkelys på eit større mangfold av verdier for å forstå tilstand av, og bidrag frå, skogøkosystem

I praksis

Skogforvaltning som nyttegjær oppdatert kunnskap om skogen sin økologiske tilstand, motstandskraft mot klimaendringar og sosiokulturelle bidrag til livskvalitet og velvære

Artikkel 2

Finn at økonomiske verkemiddel i hovudsak rettar seg mot tenester som skogen allereie har aukande kapasitet for, mens nokre tenester med minkande eller stabile trendar vert negativt påverka

I praksis

Omfattande omfordelingar av investeringar og utgifter for å sikra skogen sin kapasitet til å levera eit breiare spekter av økosystemtenester

Artikkel 3

Avdekkjer verdiasymmetri i skogforvaltninga og viser at eksisterande institusjonar hovudsakeleg mobiliserer instrumentelle verdier. Rommet for innbyggjarmedverknad er svært avgrensa

I praksis

Inkluderande forvaltning gjennom planprosessar prega av medverknad. Utvid deltaking ut over skogeigarar, marknadsaktørar og organiserte aktørar, for å engasjere innbyggjarar i større grad

Artikkel 4

Finn at grøn vekst dominerer distriktspolitikken, etterfølgt av naturvern og økologisk forvaltarskap, mens vekstfri utvikling er svært marginalt representert

I praksis

Norsk distriktspolitikk bør bevege seg bortanfor den dominerande tankegangen om grøn vekst, og opne for at det finnast ulike idear om kva som er ei berekraftig retning

Korleis skape rom for ulike verdier og berekraftssyn?

- Dersom vi skal forvalta skogen for berekraftig samfunnsutvikling, så vil dette krevja at vi tek omsyn til eit **breiare mangfald av verdier**.
- Vi må skape **fleire arenaer for medverknad**, og utvikle **verdispråk** som gjer at folk kan få gi uttrykk for sine verdier – både lokalt og nasjonalt.
- Det er viktig å legge til rette for prosessar som **involverer breitt**. Dette betyr at ein må involvera fleire enn dei som eig naturområde, eller har direkte interesser på ulikt vis. Ein måte å involvere breitt på er å opprette representative utval eller borgarråd.



Korleis skape rom for ulike verdier og berekraftssyn?

- Gjennomgripande berekraftsendringar føresett mobilisering av dei **berekraftorienterte kjerneverdiane**
- Det er særleg behov for eit skifte vekk frå kjerneverdier som nytte og effektivitet, i retning av omsorg, gjensidigheit, og rettferd.
- *Vekstfri utvikling og økokulturelt forvaltarskap* fremmar kjerneverdier som gjensidigheit, omsorg og ansvar i forholdet mellom menneske og natur.
- Kommunar kan arbeide for å myndiggjere innbyggjarar med tanke på **medverknad** og i å **definere framtidige berekraftsbanar for samfunnsutviklinga**.

Nokre referansar

- Helseth, E. V., Vedeld, P., Framstad, E., & Gómez-Baggethun, E. (2022). Forest ecosystem services in Norway: Trends, condition, and drivers of change (1950–2020). *Ecosystem Services*, 58, 101491. *Ecosystem Services*, doi: <https://doi.org/10.1016/j.ecoser.2022.101491>
- Helseth, E. V., Vedeld, P., Vatn, A., & Gómez-Baggethun, E. (2023). Value asymmetries in Norwegian forest governance: The role of institutions and power dynamics. *Ecological Economics*, 214, 107973. <https://doi.org/10.1016/j.ecolecon.2023.107973>
- Helseth, E. V., Vedeld, P., & Gómez-Baggethun, E. (forthcoming). Unveiling imbalanced investments in forest ecosystem services. Manuscript.
- Helseth, E. V., Nordtug, H., Skavhaug, IM., & Gómez-Baggethun, E. (in review). Beyond green growth: Mapping sustainability pathways for rural transformations in Norway. In review in the *Journal of Rural Studies* since 24 August 2023.
- Helseth, E. V., (2023). Plural values and governance of Norwegian forests for sustainable community development. Philosophiae Doctor (PhD) Thesis, Norwegian University of Life Sciences, Faculty of Landscape and Society, Department of International Environment and Development Studies. Thesis: 2023:65, ISSN: 1894-6402, ISBN: 978-82-575-2094-6.
- IPBES. (2019). Summary for policymakers of the global assessment report on biodiversity and ecosystem services of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services. In S. Díaz et.al. (ed.). IPBES secretariat, Bonn, Germany
- IPBES. (2022). Methodological Assessment Report on the Diverse Values and Valuation of Nature of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services. In Balvanera, P., Pascual, U., Christie, M., Baptiste, B., and González-Jiménez, D. (ed.). IPBES secretariat, Bonn, Germany.
- Muradian, R., & Gómez-Baggethun, E. (2021). Beyond ecosystem services and nature's contributions: Is it time to leave utilitarian environmentalism behind?. *Ecological Economics*, 185, 107038. <https://doi.org/10.1016/j.ecolecon.2021.107038>
- NIBIO. (2019). Norges skogvolum tredoblet på 100 år: <https://www.nibio.no/nyheter/norges-skogvolum-tredoblet-pa-100-ar>
- Vatn, A. (2015). *Environmental governance: institutions, policies and actions*: Edward Elgar Publishing.
- Vatn, A. (2021). *Bærekraftig økonomi. Innsikt fra økologisk og institusjonell økonomi*: Oslo. Fagbokforlaget.